



GISKE KOMMUNE
Valderhaug 4
6050 VALDERØYA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Giske kommune - Vedtak om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Gjørund hamn

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Giske kommune løyve etter forureiningslova, jf. § 11, til utfylling i sjø ved Gjørund hamn i Giske kommune. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt.

Vi vedtek eit gebyr på kr 45 600 for sakshandsaminga.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til søknad datert 27.02.2025 frå Multiconsult Norge AS på vegner av Giske kommune.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Giske kommune løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Gjørund hamn, gnr. 7 bnr. 175m 207 og 309, i Giske kommune. Løyvet er gjeve med heimel i *Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall* (forureiningslova) § 11, § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempe ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre. Det er sett vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskast gjennomført.

At det er gjeve løyve fritenk ikkje frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Bakgrunn

Multiconsult Norge AS søkte 27.02.2025 på vegner av Giske kommune om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Gjørund hamn i Giske, gnr. 7 bnr. 175, 207 og 309. Søknaden omfattar utfylling med totalt 48 000 m³ massar (inkludert 20 % margin) fordelt på 36 000 m³ massar til sjeté i forkant og 12 000 m³ massar til landfylling bak. Eit areal på 8 000 m² er omfatta av tiltaket.



Tiltaket har planlagt oppstart vår-sumar 2025 og er venta å ta om lag 4 månadar å gjennomføre. Hensikta med utfyllinga er å etablere kaiareal langs austsida av Gjørundet som skal nyttast til næringsføremål i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Høyring og innspel

Søknaden var på høyring til 25.04.2025. Her fylgjer ei oppsummering av innspela og uttalene vi fekk inn.

Ålesundsregionens havnevesen (01.04.2025)

Hamnevesenet ber om at det takast omsyn til allereie etablert fylling ved nabotomta søraust for tiltaksområdet. Dei opplyser at det eksisterer planar for etablering av kai ved denne fyllinga, og det bør sytast for at skip kan liggje med overheng i nordvestleg retning. Tiltaket som det søkast om bør ikkje innebere fylling som skapar hindringar for slik fortøying i framtida.

Hamnevesenet har elles ingen kommentarar til søknaden.

Museum Vest/Bergens Sjøfartsmuseum (22.04.2025)

Sjøfartsmuséet skriv at dei ikkje kjenner til kulturminne ved Gjørundet som kan verte direkte råka av det aktuelle tiltaket. Dei har difor ingen merknadar til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i området, og dei gjer difor merksam på at tiltakshavaren har plikt til å gjeve melding til muséet dersom ein under arbeidet i sjøområdet finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Ved slike funn må arbeidet straks stansast, og det kan ikkje startast opp igjen før muséet har undersøkt og eventuelt frigjeve området.

Sør-Norges Fiskarlag (23.04.2025)

Sør-Norges Fiskarlag skriv at dei har vore i kontakt med lokale fiskarlag, og at dei på noverande tidspunkt ikkje har merknadar til utfyllinga. Dei føresett at tiltaket gjennomførast slik at det ikkje får negative konsekvensar for fiskeriaktivitet i nærliggjande område.

Fiskeridirektoratet (23.04.2025)

Fiskeridirektoratet har som føremål å fremje lønnsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Dei uttaler seg for å opplyse aktuelle saker med informasjon om fiskeri- og akvakulturinteresser i området, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane.

Dei syner til kartverktøyet deira (*Yggdrasil*), der fiskeri- og akvakulturinteresser er registrert. Dei skriv at det ikkje er registrerte interesser som overlappar med det planlagde utfyllingsområdet. Vidare skriv dei at Gjørundet er registrert som fiskerihamn. Det er fiskeforedlingsbedrifter som har vassinntak i sundet i nærleiken til fyllinga. Det er òg registrert ein låssettingsplass for sild og makrell om lag 350 meter unna, og eit lokalt viktig gytefelt. Nordvest for planområdet er det registrert ein fiskeplass for aktive reiskap. Det er òg ferdsel av fiskefartøy inn i sundet frå fiskeplassar aust for tiltaksområdet og ein innrapportert utsett teine som overlappar med utfyllingsområdet. Akvakulturlokalitetane 40337 Gjørundet, 39017 Vikane og 10181 Oksebåsen V ligg i nærområda. Det er òg registreringar av større taarskogførekost og område med blautbotn.

Fiskeridirektoratet skriv at utfylling kan gjeve spreining av finstoff, kjemikaliar og tungmetall. Dei ynskjer at tiltaket skal utførast så skånsamt som mogleg og er positive til at det utførast turbiditetsmålingar for å overvake partikkelspreiing. Dei nemner siltgardin som eit anna avbøtande tiltak som kan redusere spreining av partiklar og framande artar. Dei ser det som positivt at det vert



oppretta dialog med fiskeforedlings- og akvakulturverksemdar i området og at kvaliteten til inntaksvatnet vert ivaretatt.

Direktoratet skriv at låssettingsplassen i sundet er rekna som mindre viktig, men oppfordrar tiltakshavar til å informere Sør-Norges Fiskarlag om dei planlagde arbeida. Dei ynskjer at tiltaket ikkje skal medføre negative konsekvensar for funksjonen til naturtypene i området og at det gjerast avbøtande tiltak for å hindre nedslamming av dei. Dei oppmodar òg til å gjere tiltak for å redusere siget av giftige stoff frå det gamle deponiet og ut i Gjøundet.

Mowi ASA (25.04.2025)

Mowi opplyser at dei per 25.04.2025 har laks ståande på akvakulturlokaliteten 10181 Oksebåsen Vest og 12298 Røysa i Vigrafjorden. Det vil vere fisk i desse anlegga fram til mars 2026. Oksebåsen er om lag 1,5 km unna planlagd utfyllingsområde og Røysa om lag 2,5 km unna. Mowi skriv at utfyllingsaktiviteten potensielt kan ha påverknad på fisken som står i desse anlegga.

Mowi ynskjer at søkjaren gjer ei vurdering av risiko for påverknad på fisken i anlegga og definerer konkrete tiltak for å redusere risikoen. Mowi ynskjer fortløpande tilbakemeldingar og oppdateringar ved eventuelle avvik i turbiditet eller hendingar som kan påverke drifta på dei to lokalitetane.

Kommentar frå tiltakshavar til høringsinnspela

Tiltakshavar (Giske kommune) sende 04.06.2025 inn ein kommentar til høyringsinnspela utarbeidd av Multiconsult på vegner av kommunen.

Uttalene frå Bergens Sjøfartsmuseum, Sør-Norges Fiskarlag og Ålesundregionens havnevesen vert tatt til etterretning/orientering.

Uttala frå Fiskeridirektoratet takast til etterretning, og det opplysast at tiltakshavar vil varsle Sør-Norges Fiskarlag om dei planlagde arbeida i sjø nær låssettingsplass. Det opplysast vidare om dei supplerande hydrogeologiske undersøkingane som er utført (jf. rapport av 19.05.2025), der det anbefalast å nytte lokale fyllmassar med lågare gjennomstrøymingshastigheit, og opplysast at desse anbefalingane vert tekne inn i den vidare detaljprosjekteringa og i anbudsfasen.

I kommentar til uttala frå Mowi skriv Multiconsult at det ut ifrå topografien i området er venta at hovudstraumen gjennom sundet går ut i søraust, og at den der dreiar nordover eller sørover når den treff det større straumsystemet aust for Valderøya. Bølgje- og straumvarsel indikerer at hovudretninga aust for Valderøya er nord-sør og endrast med tidevatnet (nordover ved stigande tidevatn). Det synast til erfaringar frå mudring og etablering av strandkantdeponi i området i 2022 då det var noko spreiding av partiklar nordover langs land i retning akvakulturlokaliteten Røysa. Tiltaket som no er aktuelt ventast å medføre vesentleg mindre partikkelspreiing enn dei meir omfattande tiltaka i 2022, og rask fortynning er venta når partiklane kjem ut av Gjøundet og vidare dei 2,5 kilometrane mot akvakulturlokaliteten. Multiconsult vurderer difor at risikoen for skade på fisk i merdane er låg. Det planleggast å leggje ut fyllmassane skånsamt med gravemaskin heller enn å dumpe dei direkte i sjøen, dette for å redusere partikkelspreiinga, og det skal òg etablerast ein sjeté ikring tiltaksområdet. I tillegg er det planlagd å utføre turbiditetsovervaking, og behovet for siltgardin vil verte vurdert. Tiltakshavar vil varsle Mowi om avvik eller hendingar som kan ha påverknad på drifta ved akvakulturlokalitetane.



Statsforvaltarens vurderingar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vurderer at det aktuelle tiltaket kan medføre forureining og anna miljøulempe og at det er naudsynt med eit løyve, jf. forureiningslova § 11. Vi har vurdert tiltaket etter bestemmingane i naturmangfaldlova § 8-12 og i vassforskrifta.

Spreiing av forureining og partiklar

Multiconsult har utført ei miljøgeologisk sedimentundersøking ved tiltaksområdet, jf. rapport med dokumentkode 10262514-RIGm-NOT-001, datert 07.02.2025. Det vart tatt prøvar i fem stasjonar som vart analysert for metall, PCB, PAH-forbindingar og TBT i tillegg til kornfordeling og TOC (totalt organisk innhald).

Koppar og TBT og PAH-forbindingane fluoranten og pyren vart påvist i tilstandsklasse II («god tilstand», jf. Miljødirektoratets rettleiar M-608) i nokre prøvar. Ingen analyserte stoff vart påvist over klasse II. Dette indikerer låg forureiningsgrad på sjøbotnen i tiltaksområdet. Multiconsult skriv at det ikkje kan forventast vesentleg spreiring av miljøgifter når det fyllast ut i sjø i området.

Multiconsult anbefalar at det nyttast turbiditetsmålarar plassert på kvar side av tiltaksområdet som skal overvake partikkelspreiing og fortløpande varsle ved eventuell overskriding av gitt grenseverdi.

Multiconsult opplyser at det er planlagd å etablere ein sjeté i forkant som det så skal fyllast ut i bakkant av. Dette vil gjeve redusert partikkelspreiing ut frå anleggsområdet.

Statsforvaltaren sluttar seg til vurderinga om behovet for å redusere spreiringa av partiklar og overvake. I løyvet er det sett vilkår om spreingsbarriere (jf. vilkår 2.5) og om turbiditetsmålingar (jf. vilkår 3.1-3.4). Å nytte partikkelsperre og turbiditetsmålarar skal ivareta omsynet til naturverdiane og fiskeriinteressene og akvakulturlokalitetane i nærområda, jf. seinare avsnitt.

Gamalt deponi ved Gjøundet

På landområdet innanfor området som er planlagd fylt ut i sjø ligg ein tidlegare kommunal avfallsplass. Det skal ha vorte deponert avfall i området fram til år 2000. Multiconsult har utarbeidd ei spreingsvurdering for deponiet, jf. rapport med dokumentkode 10262514-RIGh-NOT-001, datert 07.02.2025.

Spreingsberekningane er basert på resultat frå tidlegare utførte hydrogeologiske og geotekniske undersøkingar og vurderingar og er utført som analytiske berekningar basert på Darcys lov og spreingsformel i Miljødirektoratets rettleiar for overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi. Berekingane indikerer ifylgje Multiconsult at det vil spreie seg miljøgifter via grunnvatn frå deponiet til Gjøundet dersom det ikkje utførast tiltak med tetting eller oppsamling. Fleire av dei same stoffa (koppar, fluoranten og pyren) er funne i sedimenta i Gjøundet, men i låge nivå. I Multiconsult sin rapport anbefalast det å gjere ei vurdering av aktuelle tiltak ved vidare utvikling av området og å etablere eit overvakingsprogram for sigevatnet.

Multiconsult utarbeida etter innspel frå Statsforvaltaren i møte med kommunen/tiltakshavar 19.05.2025 eit notat med supplerande spreingsvurderingar, jf. notat med dokumentkode 10262514-RIGh-NOT-002. I notatet er det gjort vurderingar av korleis spreingspotensialet frå deponiet vert påverka av utfylling med ulike typar massar der det er søkt om å fylle ut i sjø.

Pukk som fyllmasse vurderast av konsulenten å vere kostnadseffektivt og lett tilgjengeleg, men å ikkje ville redusere dagens spreingssituasjon. Sand vurderast å vere relativt kostnadseffektivt, og lett tilgjengeleg i området, og å kunne redusere men ikkje stanse spreiringa av miljøgifter frå deponiet.



Leire vurderast å ville vere ein vesentleg barriere mot vasstraum med miljøgifter gjennom fyllinga, men vil gjeve utfordringar mellom anna med kompresjon av massar og erosjon, og utan tetting på sidene vurderast det som sannsynleg at vatnet vil gå utanom fyllinga. Leire i kombinasjon med sidetetting og toppdekke vurderast å ville vere det einaste alternativet som hindrar gjennomstrøyming av grunn- og tidevatn slik at risikoen for spreining av miljøgifter vert låg, men denne løysinga vil vere utfordrande og kostnadskrevjande å få fullstendig tett og å vedlikehalde over tid.

Det vurderast at den mest mobile forureininga i det gamle deponiet allereie kan vere vaska ut og at den sterke straumen i sundet gjer det vanskelegare for eventuelle miljøgifter som kjem ut å sedimentere utanfor deponiet. Då det ikkje er utført avbøtande tiltak under utfylling på naboeigedomane, vil vatnet med miljøgifter frå deponiet kunne gå ut via dei. Multiconsult vurderer at den «mest gunstige og praktiske» løysinga vil vere å nytte lokale fyllmassar som er lette å handsame og gjev ei noko lågare vassgjennomstrøyming enn pukk. Dei skriv at det finnst både sand og grustak i nærleiken og kan vere eigna overskotsmassar frå ulike prosjekt i området.

Statsforvaltaren meiner at det bør søkjast å redusere spreining av miljøgifter frå deponiet ut frå det aktuelle området når det no skal fyllast ut i sjø. Sjølv om det gjerast tiltak i tiltaksområdet, vil det framleis vere ein risiko for spreining av miljøgifter til resipienten via naboeigedomane. På bakgrunn av dette er etter vårt syn løysinga anbefalt av Multiconsult rimeleg og hensiktsmessig. I vilkår 2.8 i løyvet har vi sett krav om at fyllinga skal etablerast på ein måte som vanskeleggjer transporten av miljøgifter gjennom området og ut i resipienten.

Plast og avfall, marin forsøpling

Marin forsøpling er ei utfordring langs Noregs kyst. Utfylling og andre tiltak i sjø kan medføre marin forsøpling ved mellom anna spreining av sprengtrådrestar frå utfyllingsmassar.

I vedlegg til søknaden er det opplyst at avfall i fyllmassane skal fjernast før utfylling. Under og etter utfyllinga skal det gjennomførast opprydding av eventuell forsøpling med plast eller anna avfall.

I vilkår 2.6 i løyvet har vi stilt nokre krav til handsaminga av plast og anna avfall under tiltaket.

Naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Som kunnskapsgrunnlag har vi nytta informasjon i søknaden og vedlegga til denne (jf. rapportar frå Multiconsult med dokumentkode 10262514-RIGm-NOT-001 og 10262514-RIGm-RAP.001, datert 07.02.2025). I tillegg har vi nytta tilgjengeleg informasjon i databasane GisLink og Fiskeridirektoratets kartdatabase og opplysningar i høyringsuttalene. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8, og finn ikkje grunn til å leggje spesiell vekt på føre-var-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

Multiconsult har utført ROV-undersøking (filming med undervassdrone) ved tiltaksområdet, jf. Multiconsult sin rapport. Det vart funne sand- og grusbotn med gravande organismar som fjæremark og sylindranemone, og det vart òg funne noko skrot. På eksisterande steinfylling vart det observert sukkertare, raudalgar, olbogesnegl og den framande arten pollpryd. Pollpryd er ein art som ikkje bør spreia. Det vart ikkje observert raudlista artar eller naturtypar, heller ikkje den framande arten hamnespy.

I GisLink-databasen er det registrert eit langstrakt beiteområde for andefuglar like nord for Gjøundet, på vestsida av Vigra, om lag 400 meter unna tiltaksområdet på det næraste. Det er òg



registrert eit beiteområde for andefuglar i området ved Olmannsvika på austsida av Gjøsandneset. Sjøområdet på vestsida av Gjøsandet er eit område foreslått for marint vern.

Det er òg registreringar av naturtypane *bløtbunnsområder i strandsonen* og *større tareskogforekomster* nord for Gjøsandbrua og *større tareskogforekomster* søraust for tiltaksområdet.

Det er registrert eit «viktig» friluftslivsområde med golfbane på land kort veg frå tiltaksområdet. På sørsida av Gjøsandet, om lag 450 meter frå tiltaksområdet, er det registrert eit «svært viktig» friluftslivsområde med badeplass, båt og kulturminne. Litt lenger ute, i retning aust, er det registrert eit «svært viktig» friluftslivsområde til, som nyttast til dykking.

I Fiskeridirektoratets kartdatabase er det registrert eit stort gytefelt for torsk i Grytafjorden. Feltet er rekna som lokalt viktig med middels egg og noko retensjon. Avstanden til tiltaksområdet er på ca. 2,3 kilometer på det næraste.

Det er registrert fiskeplassar for aktive reiskap aust før Gjøsandet, med avstand til tiltaksområdet på om lag 1,2 kilometer på det næraste. I det nordlegaste feltet fangast det reker med reketrål og i det sørlegaste fangast det sild, sei og makrell med snurpenot/ringnot. Det er òg registrert låssettingsplassar inne i sjølve Gjøsandet, på sørsida, om lag 450 meter sør for der det skal fyllast ut. Ifylgje databasen reknast låssettingsplassen som mindre viktig.

Næraste akvakulturlokalitet til tiltaksområdet er 40337 Gjøsandneset, som ligg svært nær området som skal fyllast ut. Dette er ein landbasert lokalitet for algar til konsum, eigd av Nordi Ocean AS. Like nordvest for Gjøsandet ligg lokalitet 39017 Vikane, som er eit sjøbasert anlegg med produksjon av algar til konsum, også dette eigd av Nordi Ocean AS. Avstanden frå anlegget til tiltaksområdet er på om lag 1,5 kilometer. Søraust for Gjøsandet, i underkant av to kilometer frå tiltaksområdet, ligg lokalitet 10181 Oksebåsen V, som er eit sjøbasert anlegg for oppdrett av laksefisk, eigd av Mowi Seawater Norway AS. Mowi bad i ei høyringsuttale om at det skulle gjerast ei risikovurdering av påverknad på anlegget og om å verte varsla ved eventuelle avvik.

Det er oppgitt i søknaden at det er bedrifter innan fiskeforedling som har vassinntak i sundet, og at det verte oppretta dialog med desse.

Det er gjennom vilkår i løyvet sett krav om spreingshindrande barriere og turbiditetsmålingar under arbeidet, jf. tidlegare avsnitt. Desse vil motverke uheldig partikkelspreiing ut frå anleggsområdet som kan gjeve negativ påverknad på naturverdiane og fiskeriinteressene i nærområda. Jf. vilkår 2.9 i løyvet må fiskarlag, akvakulturverksemder og verksemder med vassinntak i nærområda orienterast om arbeidet og varslast ved eventuelle hendingar eller avvik som kan ha påverknad på aktivitetane deira.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastninga som økosystemet vert utsett for. Det aktuelle området har eit vesentleg preg av menneskeleg aktivitet, med hamner og industriverksemder. Med dei avbøtande tiltaka som er pålagt gjennom løyvet, vurderer vi at det aktuelle tiltaket ikkje vil gjeve eit uakseptabelt stort bidrag til den samla belastninga på naturverdiane i området.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltakets karakter og den aktuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekkja eventuelle kostnadar av dei avbøtande tiltaka slik



dei er skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast i vassførekomsten *Vigraffjorden* (0301022300-1-C). I databasen *Vannmiljø* har denne registrert «god» økologisk tilstand (høg presisjon) og også «god» kjemisk tilstand» (låg presisjon). Som moglege påverknadar på vassførekomsten er det registrert mellom anna diffus avrenning frå flyplass, søppelfylling og fiskeoppdrett. Nye inngrep i ei vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) normalt ikkje tillatast dersom tiltaka vil medføre ei degradering av førekomstens status. På bakgrunn av vilkåra i løyvet vurderer vi det ikkje som sannsynleg at tiltaket vil medføre dette.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillét utfylling i sjø med massar etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra meiner vi at tiltaket ikkje vil medføre spreiding av forureining eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor samanheld med samfunnsnytta ved tiltaket.

Erstatningsansvar

Løyvet fritenk ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

Vedtak om sakshandsamingsgebyr

Vi syner til vårt brev av 14.03.2025 med varsel om sakshandsamingsgebyr. Vidare syner vi til *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve.

På bakgrunn av tid- og ressursbruken vår knytt til sakshandsaminga vert saka som varsla plassert under gebyrsats 6. Dette inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 45 600 for sakshandsaminga.

Faktura vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.

Gebyrvedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. Forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga får ikkje oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert.

Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunngjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal



settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. I tillegg til kunngjering i dagspressa, vil Statsforvaltaren kunngjere vedtaket på si eiga nettside, www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal, under «Kunngjeringar»

Dette er vårt forslag til tekst ved kunngjering i dagspressa:

Giske kommune får løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Gjøssund hamn. Det skal fyllast ut med om lag 48 000 m³ massar over eit areal på 8 000 m² for å etablere kaiareal som skal nyttast til næringsføremål. Vedtak og løyve kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, www.statsforvalteren.no/Mr, under «Miljø og klima» og «Kunngjeringar». Vedtaket kan klagast på innan tre veker.

Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post thomas.aurdal@statsforvalteren.no.
- Løyvet er gyldig til 31.12.2026
- Målingar av kjemisk tilstand i sedimenta skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 31. august 2025
- Sluttrapport i tråd med vilkår 4.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan seks veker etter at anleggsarbeidet er ferdig.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1

Løyve



Kopi til:

ÅLESUNDREGIONENS HAVNEVESEN IKS	Skansekaia 3C	6002	ÅLESUND
STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM	Postboks 7800	5020	BERGEN
SØR-NORGES FISKARLAG	Postboks 936	6001	ÅLESUND
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
MOWI SEAWATER NORWAY AS	Sandviksbodene 77A	5035	BERGEN
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND



Løyve til for Giske kommune til utfylling i sjø ved Gjørund hamn

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. Det er sett vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2026**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Giske kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Valderhaug 4, 6050 VALDERØYA
Org. nummer (bedrift)	964 980 721
Lokalitet for tiltaket	Gjørund hamn
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 352283, Y: 6936413
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 7 bnr. 175, 207 og 309
Kommune tiltaket utførast i	Giske

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2025.0484.T	1532.0060.01	4
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:
05.06.2025	-	-
Arkiv: 2025/1714		

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹ Miljømyndighetene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endring
-	-	-	-

1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling med om lag 48 000 m³ (inkludert 20 % margin) reine massar i eit område på om lag 8 000 m² ved Gjøvsund hamn i Giske kommune. Massane er fordelt på sjeté på 36 000 m³ og landfylling bak på 12 000 m³. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til føremålet.

2. Utfylling i sjø

2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 27.02.2025 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

2.2 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.

2.3 Det skal nyttast metodar for utfylling som minimerer faren for spreiring av forureining.

2.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarande tilstandsklasse II for sedimenter i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere egna til føremålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.

2.5 For å hindre spreiring av miljøgifter, slam og partiklar skal det frå start etablerast ein avskjerande sjeté i front av tiltaksområdet som det så fyllast ut innanfor. Det må nyttast siltgardin dersom det er naudsynt for å redusere partikkelspreinga til akseptable nivå, til dømes under etableringa av sjetéen.

2.6 Det må utførast tiltak etter behov for å redusere spreiring av sprengtrådstar og anna avfall frå fyllmassane så mykje som mogleg. Tiltak kan vere utsortering i forkant av utfylling, bruk av lense eller oppsamling frå vassflata. Massar med høgt innhald av sprengtrådstar eller anna avfall som kan spreie seg i vatnet skal ikkje nyttast til utfylling i sjø.

2.7 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2021).

2.8 Fyllinga i sjø må etablerast på ein måte som søker å permanent redusere spreinga av miljøgifter gjennom det aktuelle området og ut i resipienten (Gjøvsundet). Løysinga for å oppnå dette må planleggast i samråd med eit firma med miljøfagleg kompetanse. Det bør ikkje veljast ei løysing som gjev konflikt med framtidig planlagd bruk av det nye arealet.

2.9 Fiskarlag og akvakulturverksemder med aktivitet i nærområda, samt verksemder med vassinntak, må orienterast om arbeidet og varslast ved eventuelle avvik eller hendingar som kan ha påverknad på aktivitetane deira.

2.10 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum kontaktast.



3. Kontroll og overvaking

- 3.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking med turbiditetsmålarar av tiltaksarbeidet i samhøve med eit kontroll- og måleprogram. Kontroll- og måleprogrammet skal inngå i verksemdas internkontrollsystem og må vere utarbeidd i tråd med retningslinjene i Norsk Standard NS 9433:2017 *Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster*. Programmet skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreining av forureining i tilknytning til tiltaket. Program for turbiditetsmålingane med kart over planlagde målestasjonar (med grunngjeving) skal sendast til Statsforvaltaren i god tid før arbeidet startast opp.
- 3.2 Under anleggsperioden skal det kontinuerleg takast prøver/gjerast målingar av:
- Turbiditet i minst ein referansestasjon i området som ikkje er påverka av anleggsarbeidet.
 - Turbiditet i minst ein målestasjon nedstraums som er påverka av anleggsarbeidet. Stasjonane skal, jf. NS 9433 «plasseres i den retningen fra tiltaket og i den dybden der man forventer at partikkelspredningen er størst, eller der de gir resultater som er relevante for beskyttelse mot den belastningen som økt turbiditet vil medføre». Det må vurderast om det er behov for ein stasjon på kvar side av anleggsområdet for å kontrollere spreinga i begge retningar gjennom sundet. Kontroll på spreining i retning akvakulturanlegga i nærområda bør vektleggjast.
- 3.3 Grenseverdien for turbiditet settast til 10 saltvann NTU over turbiditet på referansestasjonen. Ved overskridingar av grenseverdien utover ein periode på 30 minutt, skal det settast i verk tiltak for å avklare årsakssamanhengen. Dersom overskridinga skyldast interne tilhøve, skal arbeidet stansast med ein gong og naudsynte tiltak gjennomførast. Prosessen kan ikkje starte opp før turbiditeten er nede på stabile nivå under grenseverdien. Rutinar og eventuelle tiltak skal skildrast i internkontrollen.
- 3.4 Det skal førast logg over resultat frå overvakinga, og over mengder og tidspunkt for utfylling av massar. Loggen skal som eit minimum òg innehalde eventuelle overskridingar og korrigerande tiltak. Loggen skal vere tilgjengeleg ved eventuelle tilsyn.

4. Rapportering

- 4.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:
- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid, inkludert arbeidet med å etablere sjeté
 - Resultat frå turbiditetsmålingane
 - Eventuelle overskridingar og korrigerande tiltak.
- 4.2 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (jf. Multiconsult sin rapport med dokumentkode 10262514-RIGm-RAP-001 datert 07.02.2025) skal registrerast i databasen *Vannmiljø innan 31.08.2025*. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.

5. Internkontroll, beredskap og varsling

- 5.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 5.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal



mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.

- 5.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 5.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 5.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.

6. Generelle vilkår

- 6.1 Forureiningsmyndigheitene vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 6.2 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 6.3 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 6.4 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 6.5 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.